

Ny bok slår be under gamle s

■ ■ Ei bok for heile bygda ■ ■ Grave fram

JOSTEDAL: Jostedal kyrkje høgtidar 350-års jubileet med bokslepp, og her kjem fakta som tidlegare ikkje har vore kjent.

- Dette er ikkje berre saga om kyrkjebygget, men ei historiebok for heile dalen. Me har òg grave fram stoff som slår beina under nokre av segnene, seier Kåre Øvregard i boknemnda. Nemnda har vore i arbeid frå 2008.

Bokprosjektet er kostnadsrekna til 450.000 kroner. Jostedal sokneråd og boknemnda har søkt fylkeskommunen om 60.000 kroner i tilskot, og finansierer bokprosjektet med mellom anna lån i Luster sparebank 30.000, og 80.000 kroner i gratis- og dugnadsarbeid.

Kyrkja står høgt

«Jostedal kyrkje - Fakta, segn og søge gjennom 350 år» er tittelen på boka.

I arbeidet har dei mellom annan funne skriftlege kjelder frå like før og etter svartedauden.

- Eit par skriv er frå 1656 og 1660, og gjev ei god detalj- og skildring frå byggjearbeidet. Elles vil me presentera mykje fakta som er samla. Me har òg vore heldige og fått helsingar frå tidlegare prestar. Det er kjekt å sjå at dei set kyrkja vår høgt. Dei kallar henne ein flott diamant, seier Øvregard. Han er døypt, konfirmert og gift i Jostedal kyrkje, og voks opp på ein

husmannsplass under prestegarden.

Fått fram

Gjennom segn og soger har den vesle kyrkja får ein eigen status, ikkje berre hjå bygdefolket, men òg hjå kyrkjehistorikarar og andre fagfolk på fylke- og landsplan. Særleg segner knytt til svartedauden om kring 1350, korleis dalen vart bygt opp att på slutten av 1500-talet, og utover på 1600-talet lever framleis.


- Segner og forteljingar er munnlege overleveringar. Det viser seg at ein del som tidlegare har vore skrive, ikkje heilt er i samsvar med fakta. Eg lovar at me har fått fram stoff som ikkje tidlegare har vore kjent, ikkje minst når det gjeld prestegarden, seier Øvregard.

Han fortel det har vore lagt ned mykje iherdig arbeid, ikkje minst historikar Oddmund Løksengard Hoel, som har funne fram til unike dokument.

Eldre

- I arbeidet vårt har me lagt stor vekt på å skriva ei bok for folket i dalen, men mange jostedøler har flytta ut, også til Amerika. Difor har me eit kort samandrag for kvart kapittel på engelsk, seier Øvregard.

Den noverande kyrkja er



NYE FAKTA: Den vesle Jostedal kyrkje boknemnda har funne skriftlege kjelder


bygd i 1660, men delar av kyrkja er langt eldre. Ein finn byggmaterialar frå eit kyrkjebygg som truleg skriv seg frå tida før svartedauden i 1349/1350.



ina egner nike dokument



FARGE-RIKT: Heile kyrkje-rommet er dekorert av Mons Maler. Kvitt, raudt og svart var dei typiske dekorfar-gane.



har i 350 år stått i ein mektig natur. Til kyrkjejubileet kjem ny bok om tømmerkyrkja, og medlemer i den iherdige som tidlegare ikkje er publiserte.

Kyrkja si soge er ikkje berre saga om eit byggverk. Kyrkja fortel òg saga om folket som gjennom hundreåra har streva og funne grunnlag for heimar og bygdesamfunn

inne mellom høge fjell og tronge dalar. Trass i – eller kanskje heller på grunn av – eit barskt og ofte eit lite gjestmildt klima tett inn til stor-breen med sine lunefulle og

mektige endringar gjennom hundreåra, har folket overlevd og skapt si eiga soge.

Sigrid Svartefoss

sigrid.svartefoss@sognavis.no

Vassendgutane til Vik

VIK: – Me håpar kvelden på Hopstock blir like bra som sist, seier Sindre Aam i Vassendgutane.

Sogn sist me var der. Lokalet er ein grei kontrast til svære idrettshallar. Stemninga på Hopstock blir intim og me får publikum tett innpå oss, seier Sindre Aam.

– Vik er ikkje så veldig stort?

geskjeften teke av og medlemene har i tre år levd av jobben i bandet.

– I løpet av eitt år blir det 80–90 oppdrag. Det ser ut for at 2010 ikkje blir unntak, seier Aam.